

# PROGRESJONSPLAN FOR RAULAND BARNEHAGE



2019 – 2022

# Innhold

Rammeplanens fagområder....4

Innleiing....6

Vinjebarnehagens verdigrunnlag....6

Inkluderande barnehage og skulemiljø....8

Vinje kommune sine overordna mål for eit inkluderande barnehagemiljø:....9

Pedagogisk analyse....12

Pedagogisk analyse er ein systematisk måte å arbeide med utfordringar på. Det er ein metode for å analysere situasjonen og reflektere over eigen praksis, for å kunne sette inn strategiar og tiltak som er forskings forankra....12

Tilsette i barnehagen tek utgangspunkt i utfordringar i kvardagen....12

For å bruke pedagogisk analyse må det vere ei utfordring som gjentek seg fleire gonger....12

Barnehagen skal vareta barnas behov for omsorg....13

Barnehagen skal vareta barnas behov for leik....15

Barnehagen skal fremje danning....17

Barnehagen skal fremje læring....17

Barnehagen skal fremje vennskap og fellesskap....18

Barns medverknad....19

Dei fire vaksenstilane....22

 **Den autoritative vaksne → varm og grensesettande**....22

Den ettergivande vaksne....22
Den forsømmande vaksenstilen....23
Den autoritære vaksenstilen....23
Barnehagen skal:....24
Trygg start og gode overgangar i Rauland barnehage....25
Førebygge vald og seksuelle overgrep....25
Kommunikasjon, språk og tekst....30
Etikk, religion og filosofi....34
Kunst, kultur og kreativitet....37
Mengd, rom og form....39
Nærmiljø og samfunn....43
Kropp, rørsle, mat og helse....45
Natur, miljø og teknologi....49
Nærværstrening og Theraplay:....52
Samarbeid med barnas heim....54

Leiinga i barnehagen....
52

# Rammeplanens fagområder



# Saman om ein god barndom i Rauland barnehage
# - det er dei vaksne det kjem an på



# Innleiing

*Progresjonsplan er eit dokument der rammeplanen for barnehagen 2017, dei sju fagområda og Vinje kommune sin plan for Inkluderande barnehage- og skulemiljø (IBSM) prosjektet er nytta som utgangspunkt. Planen er utarbeida av leiarteamet i barnehagen og skal nyttast som eit rettleiande dokument og ein idébank for barnehagens personale. Dokumentet syner at det skal vera ein progresjon i det pedagogiske arbeidet i Rauland barnehage. Det er personalet si oppgåve å leggje til rette for gode, innhaldsrike dagar for det einskilde barn. Barn har ulike behov og ståstad, det skal ikkje vera det same tilbodet for ein 1-åring og ein 6-åring i barnehagen. Barnehagen skal tilby alle barn eit rikt, variera, stimulerande og utfordrande læringsmiljø, uansett alder, kjønn, funksjonsnivå, sosial og kulturell bakgrunn. Ein skal sjå arbeidet med omsorg, danning, leik, læring, sosial kompetanse og kommunikasjon og språk i samanheng, og samla bidra til den allsidige utviklinga til barna. Aktivitetstilbodet må tilpassast kvart einskild barn og den aktuelle barnegruppa.*

# Vinjebarnehagens verdigrunnlag

Viktige ord for barnehagen:

- Respekt
- Samhandling
- Kompetent
- Målretta
- Løysingsorientert
- Tillit

| | |
|---|---|
| **Respekt:**<br>**Inneber for oss:**<br>• At me tolererer at me er ulike, barn som vaksne<br>• At me er anerkjennande<br>• At me er til stades<br>• At me berre kan endre oss sjølv ikkje andre | **Samhandling:**<br>**Inneber for oss:**<br>• Godt samarbeid<br>• At me samarbeider på tvers av avdelingane<br>• At me kommuniserer godt, vaksen – barn, barn – barn, vaksen – vaksen<br>• At me gjev kvarandre tilbakemeldingar |
| **Kompetent:**<br>**Inneber for oss:**<br>• At me er skikka for jobben<br>• At me er tydelege<br>• At me er oppdatera fagmessig<br>• At me veit kva me driv på med | **Tillit:**<br>**Inneber for oss:**<br>• At me stolar på kvarandre<br>• At me er ærlege<br>• At me har trua<br>• At me er lojale |
| **Målretta:**<br>**Inneber for oss:**<br>• At me jobbar mot eit mål, evaluerer undervegs, kor ein er i høve til måla<br>• At me har ein klar plan for arbeidet i det daglege og over tid<br>• At me veit kor me vil og kvifor<br>• At me er bevisste på kva med jobbar mot | **Løysingsorienterte:**<br>**Inneber for oss:**<br>• At me ser løysingar og ikkje problem<br>• At me er positive<br>• At me tør å prøve<br>• At me er opne for andre sine løysingar |

# Inkluderande barnehage og skulemiljø

Rauland barnehage har delteke i Vinje kommune sitt nasjonale kompetanseutviklingstilbod «*Inkluderande barnehage- og skulemiljø*» (*IBSM*) frå hausten 2018 t.o.m. desember 2020. Prosjektet sitt mål er å styrke barnehagar, skular og eigar sin dugleik i: å skape og oppretthalde gode barnehage- og skulemiljø, samt i å førebygge, avdekke og handtere mobbing og andre krenkingar.

**Kjernekomponentane** i prosjektet er:



Vinje kommune sine overordna mål for eit inkluderande barnehagemiljø:

1. Barnehagen skal ha høg kvalitet som fremmer trivsel, leik og læring.
2. Dei tilsette skal ha tilstrekkeleg kompetanse til å førebyggje, avdekkje og handtere mobbing og andre krenkingar.
3. Barnehagen skal utvikle rutinar som gjer den enkelte eining til ein endå betre lærande organisasjon.

Rauland barnehage sine mål for eit inkluderande barnehagemiljø:

1. I Rauland barnehage skal me alle bidra til at barn får ein god barndom prega av trivsel, vennskap og leik.
2. Rauland barnehage skal støtte alle barn i å meistre motgang, handtere utfordringar og bli kjente med eigne og andre sine følelsar.
3. Personalet i Rauland barnehage skal førebygge diskriminering, utestenging, mobbing, krenkingar og uheldige samspelsmønster.

Rauland barnehage har ei vennskapsveke på hausten. Hensikta med vennskapsveka er å bevisstgjera alle vaksne og barn om tema vennskap, og skape eit godt, trygt og inkluderande barnehagemiljø for alle barn. Hovudmålet er at alle barna skal ha minst ein venn. Me arbeider med tema vennskap heile året.

Personalet skal:

- vere varme og tydelege vaksne (autoritative) som gjer kvardagen føreseieleg og trygg for alle barna
- ha nok kompetanse til å støtte alle barn i å meistre motgang, handtere utfordringar og bli kjend med ulike følelsar
- ha kompetanse på korleis ein skal førebygge og stoppe diskriminering, utestenging, mobbing, krenkingar og uheldige samspelsmønster

# Ny mobbelov/aktivitetsplikt

Frå 01.01.21 fekk barnehagen eit nytt regelverk for barnehagemiljøet. Endringane i barnehageloven krev at barnehagane arbeider systematisk for å førebygge utestenging og mobbing, og at dei skapar eit godt miljø der barna trivst og er sosialt inkludera. Rammeplanen stiller allereie krav om dette, no vert forpliktinga tatt inn i lova. Det skal sikre at alle barn får hjelp av vaksne til å ta godt vare på kvarandre.

Regjeringa har innført aktivitetsplikt. Den inneber at barnehagen har eit ansvar for å fylgje med på korleis barna har det. Barnehagen har også eit ansvar for å undersøke og sette inn tiltak når personalet har mistanke om at eit eller fleire barn ikkje har det bra. Det same gjeld når barnet, eller foreldra, seier at barnet ikkje har det trygt og godt. Barnehagen har plikt til å lage ein skriftleg aktivitetsplan for å sikre god oppfylging.

https://www.udir.no/regelverk-og-tilsyn/barnehage/ny-barnehagelov/

# Pedagogisk analyse

Pedagogisk analyse er ein systematisk måte å arbeide med utfordringar på. Det er ein metode for å analysere situasjonen og reflektere over eigen praksis, for å kunne sette inn strategiar og tiltak som er forskings forankra.
Tilsette i barnehagen tek utgangspunkt i utfordringar i kvardagen.
For å bruke pedagogisk analyse må det vere ei utfordring som gjentek seg fleire gonger.

Modellen består av ein analysefase og ein tiltaksfase.

Kvifor nyttar me denne modellen?

- Alle barn lærer med rett hjelp og støtte
- Den kan nyttas i ulike utfordringar i barnehagen, for eksempel mobbing/krenkelsar – lite inkluderande miljø.
- Den opnar opp for refleksjon over eigen praksis
- Den opnar opp for nye perspektiv på gamle/kjente utfordringar
- Den utviklar delings- og ein kollektiv samarbeidskultur.

Personalet vel sjølve strategiar og tiltak, og gjennomfører dette i praksis.

Thomas Nordahl presenterer hovudprinsippa i modellen:

https://www.sevuppt.no/modul2-organisasjonsutvikling-og-endringsarbeid/modul-2-pedagogisk-analyse/

# Barnehagen skal vareta barnas behov for omsorg

*Omsorg er ein føresetning for at barna skal vere trygge og trivast, og for at dei skal utvikle empati og nestekjærleik. Barnehagen skal gje barna høve til å utvikle tillit til seg sjølve og andre. I barnehagen skal alle barn oppleve at dei blir sett, forstått og respekterte, og få den hjelpa og støtta dei har behov for.*

Personalet skal:

- Bidra til å dekkje barnas behov for fysisk omsorg, inkludert behov for ro og kvile
- Leggje til rette for at barna kan knyte seg til personalet og til kvarandre
- Sørgje for at alle barn trivst, føler seg trygge og føler tilhøyrsle i barnehagen
- Møte alle barn på ein open, varm og interessert måte og vise omsorg for kvart enkelt barn
- Vere lydhøyre for kva barna uttrykkjer, og prøve å oppfylle behovet deira for omsorg på ein god måte
- Støtte og oppmuntre barna til å vise omsorg for andre og til sjølve å kunne ta imot omsorg
- Bidra til at barna kan utvikle tillit til seg sjølve og an

| 1-2 år | 2-3 år | 3-4 år | 4-5 år | 5-6 år |
|---|---|---|---|---|
| Barna skal: Lære å takle å vera i ei større barnegruppe<br><br>Vere med å trøste og vise omsorg<br><br>Byrje med turtaking<br><br>Innleie positiv samhandling med andre<br><br>Lære å respektere andre sine grenser | Barna skal:<br>Lære å takle å vera i ei støre barnegruppe<br><br>Lære å be vaksne om hjelp når det trengs<br><br>Vere med å trøste og vise omsorg<br><br>Lytte til andre barn, vente på tur<br><br>Innleie positiv samhandling med andre<br><br>Svare på enkle spørsmål<br><br>Snakke i staden for å slå<br><br>Hevde seg sjølv<br><br>Respektere andre sine grenser | Barna skal:<br>Snakke i staden for å slå<br><br>Be vaksne om hjelp når det trengs<br><br>Vise omsorg for andre<br><br>Lytte til andre barn, vente på tur<br><br>Innleie positiv samhandling med andre<br><br>Konfliktløysningsmodellen<br><br>Hevde seg sjølv<br><br>Respektere andre sine grenser | Barna skal:<br>Forsøke å løyse konfliktar utan vaksne<br><br>Be vaksne om hjelp når det trengs<br><br>Vise omsorg for andre<br><br>Lytte til andre barn, vente på tur<br><br>Akseptere at eigne ynskje ikkje blir oppfylt<br><br>Innleie positiv samhandling med andre<br><br>Konfliktløysningsmodellen<br><br>Hevde seg sjølv<br><br>Hjelpe andre<br><br>Respektere andre sine grenser | Barna skal: Forsøke å løyse konfliktar utan vaksne<br><br>Be vaksne om hjelp når det trengs<br><br>Lytte til andre barn, vente på tur<br><br>Akseptere at eigne ynskje ikkje blir oppfylt<br><br>Hjelpe andre<br><br>Konfliktløysingsmodellen<br><br>Respektere og kjenne til sine eigne og andre sine grenser<br><br>Lære om «raude og grøne tankar» (eige opplegg) |

# Barnehagen skal vareta barnas behov for leik

*Leiken skal ha ein sentral plass i barnehagen, og eigenverdien til leiken skal anerkjennast. Barnehagen skal gje gode vilkår for leik, vennskap og barna sin eigen kultur. Leiken skal vere ein arena for utvikling og læring og for sosial og språkleg samhandling. Opplevingar av eigenverd og mestring, leik med jamaldringar og tilhøyrsle i eit positivt fellesskap skal prege barnehagen.*

Personalet skal:

- Organisere rom, tid og leikemateriale for å inspirere til ulike typar leik
- Bidra til at barna får felles erfaringar som grunnlag for leik og leggje til rette for utvikling av leiketema
- Fremje eit inkluderande miljø der alle barna kan delta i leik og erfare glede i leik
- Observere, analysere, støtte, delta i og gjere leiken meir verdifull på barn barna sine premissar
- Rettleie barna dersom leiken medfører uheldige samspelmønster
- Vere bevisste på og vurdere si eiga rolle og deltaking i leiken
- Ta initiativ til leik og aktivt bidra til at alle kjem inn i leiken

| 1-2 år | 2-3 år | 3-4 år | 4-5år | 5-6år |
|---|---|---|---|---|
| Barna skal:<br><br>Byrje å vise interesse og nysgjerrigheit<br><br>Samhandle med andre. Toddlerleik, spegle andre, latter og glede<br><br>Utforske og oppleve (sanseleik)<br><br>Byrje med «late som om» leik<br><br>Leike ved sida av kvarandre- Parallelleik<br><br>Byrje med konstruksjonsleikbyggje med klossar | Barna skal:<br><br>Samhandle med andre. Toddler-leik, spegle andre, latter og glede<br><br>Byrje med «late som om» leik<br><br>Leike ved sida av kvarandreParallelleik<br><br>Kunne byggje med klossar-Konstruksjonsleik<br><br>Byrje med rolleleik, ta ein anna rolle<br><br>Respektere andre sine grenser | Barna skal:<br><br>Følgje opp initiativ til barn og vaksne<br><br>Konstruksjonsleik<br><br>Forstå og vente på tur<br><br>Ikkje stengje ute i leik<br><br>Verne om leiken som allereie er i gang<br><br>Kunne ta ein anna rolle-Rolleleik (endre toneleie – ha latesom-stemme)<br><br>Byrje med regelleik, t.d. butikkleik, raudt ljos<br><br>Respektere andre sine grenser<br><br>Hevde seg sjølv | Barna skal:<br><br>Kunne ta ein ana rolle Rolleleik (endre toneleie – ha late-som-stemme)<br><br>Kunne drive leiken vidare og ta imot impulsar frå andre<br><br>Kunne deltak i regelleikar og takle det å tape<br><br>Forstå og vente på tur<br><br>Ikkje stengje ute i leik<br><br>Verne om leiken som allereie er i gang<br><br>Respektere andre sine grenser<br><br>Hevde seg sjølv | Barna skal:<br><br>Meistre rolleleiken ved å kunne leikesignala, og delta over tid<br><br>Kunne drive leiken vidare og ta imot impulsar frå andre<br><br>Kunne deltaka i regelleikar og takle det å tape<br><br>Ikkje stenge ute i leik<br><br>Verne om leiken som allereie er i gang<br><br>Konfliktløysningsmodellen<br><br>Hevde seg sjølv<br><br>Respektere andre sine grenser |

# Barnehagen skal fremje danning

*Barnehagen skal oppmuntre barna til å vere prøvande til og nysgjerrige på omverda og bidra til å leggje grunnlaget for modig, sjølvstendig og ansvarleg deltaking i demokratiske fellesskap. Barnehagen skal fremje samhald og solidaritet samtidig som individuelle uttrykk og handlingar skal verdsetjast og følgjast opp. Barnehagen skal bidra til at barna kan forstå felles verdiar og normer som er viktige for fellesskapet. Barnehagen skal bidra til å fremje tilhøyrsla til samfunnet, naturen og kulturen.*

Personalet skal:

- Leggje til rette for meiningsfulle opplevingar og støtte identitetsutviklinga og den positive sjølvforståinga til barna
- Støtte barnas aktivitet, engasjement og deltaking i fellesskapet
- Synleggjere og verdsetje ulike behov, meiningar og perspektiv i fellesskapet
- Leggje merke til, anerkjenne og følgje opp barnas perspektiv i fellesskapet
- Utfordre tenkinga til barna og invitere dei inn i utforskande samtalar. Undre oss saman med barna
- Synleggjere og framheve mangfald og ulikskap som grunnlag for opplevingar, utforsking og læring

# Barnehagen skal fremje læring

*I barnehagen skal barna oppleve eit stimulerande miljø som støttar opp om lysta til å leike, utforske, lære og meistre. Barnehagen skal introdusere nye situasjonar, tema, fenomen, materiale og reiskapar som bidreg*

*til meiningsfull samhandling. Nysgjerrigheit, kreativitet, og vitelyst skal anerkjennast, stimulerast og leggjast til grunn for læringsprosessane. Barna skal få undersøkje, oppdage og forstå samanhengar, utvide perspektiv og få ny innsikt. Barna skal få bruke heile kroppen og alle sansar i læringsprosessane sine. Barnehagen skal bidra til læringsfellesskap der barna skal få bidra i eiga og andre si læring.*

Personalet skal:

- Sørgje for eit inkluderande fellesskap og leggje til rette for at barn kan bidra i eiga og andre si læring
- Leggje til rette for heilskaplege læringsprosessar som fremjar trivsel og allsidig utvikling hos barna
- Vere merksame på interessene og engasjementet til barna og leggje til rette for læring i ulike situasjonar og aktivitetar
- Støtte og bidra til barnas initiativ, undring, nysgjerrigheit, kreativitet, læringslyst og tiltru til eigne evner
- Utvide barnas erfaringar og sørgje for progresjon og utvikling i innhaldet i barnehagen
- Støtte barnas refleksjonar rundt situasjonar, tema og fenomen og skape forståing og meining saman med dei
- Sørgje for at alle barn kan få rike og varierte opplevingar og erfaringar, utfordringar og mestringsopplevingar

# Barnehagen skal fremje vennskap og fellesskap

*Sosial kompetanse er eit føresetnad for å fungere godt saman med andre og omfattar ferdigheiter, kunnskap og haldningar som blir utvikla gjennom sosialt sampel. I barnehagen skal alle barn kunne erfare å vere viktige for fellesskapet og vere i positivt samspel med andre barn og vaksne. Barnehagen skal bidra til*

*at barn blir trygge på og stolte over si eiga tilhøyrsle og får respekt for andre kulturelle verdiar og ytringar. Barnehagen skal aktivt leggje til rette for utvikling av vennskap og sosialt fellesskap. Sjølvkjensla til barna skal støttast, samtidig som barna får hjelp til å meistre balansen mellom å dekkje sine eigne behov og ta omsyn til andre sine behov.*

Personalet skal:

- Støtte barnas initiativ til samspel og bidra til at alle kan få leike med andre, oppleve vennskap og lære å halde på venner
- Samtale om normer for samhandling og invitere barn til å utforme normer for samhandling i fellesskap
- Støtte barna i å ta andre sitt perspektiv, sjå ei sak frå fleire sider og reflektere over eigne og andre sine kjensler, opplevingar og meiningar
- Støtte barna i å setje eigne grenser, respektere andre sine grenser og finne løysningar i konfliktsituasjonar
- Førebyggje, stoppe og følgje opp diskrimering, utestenging, mobbing, krenkingar og uheldige samspelsmønster

# Barns medverknad

*Barnehagen skal sikre at barna får medverke i den daglege verksemda i barnehagen. Alle barn skal kunne erfare å få påverke det som skjer i barnehagen. Barnehagen skal vere bevisst på dei ulike utrykksformene til barna og leggje til rette for medverknad på måtar som er tilpassa alderen, erfaringane, dei individuelle føresetnadane og behova til barna. Også dei yngste barna og barn som kommuniserer på andre måtar enn*

*gjennom tale, har rett til å gje uttrykk for kva dei synest om sine eigne vilkår. Barnehagen må observere og følgje opp dei ulike utrykka og behova til alle barn. Barna skal ikkje få meir ansvar enn dei er rusta til å ta.*

Barna skal:

- oppleve at eigne tankar og meiningar blir høyrt
- føle at eigne tankar og meiningar får konsekvensar
- oppleve at ein ikkje alltid får det som ein har tenkt
- jamleg få høve til å delta aktivt i planlegginga og vurderinga av barnehageverksemda

Personalet skal:

- Sjå, høyre, forstå og anerkjenne kvart einskild barn
- Vektleggje synspunkta til barna i samsvar med alder og modenskap
- Undre seg, tørre og våge, vera til stades, ta barn på alvor
- Tenke over eiga handling. Stille kritiske spørsmål, kvifor/kva/korleis. Sjå løysingar, sjå nye behov.
- Bry seg på ein positiv måte, sjå, forstå og anerkjenne
- Observere barna, sjå og finne ut kva dei er interessert i, legg opp planar etter det. Gjera ting dei likar.

| 1 – 2 år | 2-3 år | 3 – 4 år | 4-5 år | 5 – 6 år |
|---|---|---|---|---|
| Personalet skal:<br><br>Sitte på golvet, vere tilgjengeleg, tilstades og ta del i det barnet/barna held på med<br><br>Observere og tolke barns utrykk, kroppsspråk, mimikk<br><br>Nytte vekas barn | Barna skal:<br><br>Kunne føle at dei har innflytelse på barnehagekvardagen<br><br>Personalet skal:<br><br>Sitte på golvet, vere tilgjengeleg, tilstades og ta del i det barnet/barna held på med<br><br>Observere og tolke barns utrykk, kroppsspråk, mimikk<br><br>Nytte vekas barn | Barna skal:<br><br>Kunne ta val og forstå konsekvensane av det<br><br>Kunne føle at dei har innflytelse på barnehagekvardagen<br><br>Personalet ska:<br><br>La barna vere med på å bestemme tema/innhald og utvikling av ulike prosjekt (barnas initiativ, utforskartrong og interesse)<br><br>Nytte vekas barn | Barna skal:<br><br>Kunne ta val og forstå konsekvensane av det<br><br>Kunne føle at dei har innflytelse på barnehagekvardagen<br><br>Personalet skal:<br><br>La barna vere med på å bestemme tema/innhald og utvikling av ulike prosjekt (barnas initiativ, utforskartrong og interesse)<br><br>Nytte vekas barn<br><br>Ha barnesamtalar | Barna skal:<br><br>Kunne ta val og forstå konsekvensane av det<br><br>Kunne føle at dei har innflytelse på barnehagekvardagen<br><br>Personalet skal la barna vere med på å bestemme tema/innhald og utvikling av ulike prosjekt (barnas initiativ, utforskartrong og interesse)<br><br>Nytte vekas barn<br><br>Ha barnesamtalar |

Dei fire vaksenstilane

- ❖ Den autoritative vaksenstilen
- ❖ Den ettergivande vaksenstilen
- ❖ Den forsømmande vaksenstilen
- ❖ Den autoritære vaksenstilen

## Den autoritative vaksne → varm og grensesettande

Å vere ein autoritativ vaksen inneber å vise varme og omsorg ovanfor barnet, samtidig som ein er tydeleg. Ein autoritativ vaksen arbeider bevisst med og utvikle gode relasjonar til barnet og viser ein aksepterande haldning. Den har klare forventningar til barnet og følgjer det opp på ein tydeleg måte når det gjeld grenser og normer. Ein autoritativ vaksen etablerer gode standarar for åtferd. Den påverkar barnet i positiv retning, også dei med utfordrande åtferd.

### Den ettergivande vaksne

Å vere ein ettergivande vaksen inneber at den er responderande og støttande ovanfor barna. Men har vanskar med å vere tydeleg dersom det er behov for dette. Ein ettergivande vaksen vil og ha problem med å stille krav til barnet og følgje dei opp på ein konsekvent måte, og unngå å sette grenser for barnet i situasjonar der det er naudsynt. For barn med kravande åtferd kan dette skape vanskar. I slike tilfelle er det viktig at barnehagen har klare rammer på korleis dei jobbar med å implementere den autoritative vaksenstilen.

## Den forsømmande vaksenstilen

Ein forsømmande vaksen viser i liten grad interesse for å byggje positive relasjonar til barnet, og den er og i liten grad til stades i barnets tilvære med normer, krav og kontroll. Den er i mindre grad opptatt av barnet eller kva barnet gjer. Ein slik vaksenstil kan vere svært uheldig for barnet, og har negative konsekvensar på mange viktige utviklingområde. Blir eit barn utsatt for denne vaksenstilen vil det kunne få problem med å knytte positive relasjonar. Det kan også få store konsekvensar for barnet  under oppveksten og elles i livet, viss dette utviklar seg til manglande evne til å skape tilknyting til andre. Er ein vaksen forsømmande medører det til at barnet ikkje greier å utvikle sin evne til å ta imot beskjedar og møte kontroll seinare i livet. Ein forsømmande vaksenstil forbindas med omsorgssvikt.

## Den autoritære vaksenstilen

Den autoritære vaksenstilen ber preg av at den vaksne har behov for å ha kontroll over barnet og sette klare rammer for barnets åtferd. Den vaksne tek i liten grad omsyn til barnets perspektiv og medverknad. For ein vaksen med autoritær vaksenstil betyr det ikkje så mykje å etablere ein varm og tillitsfull relasjon til barnet, noko som skapar ein ubalanse mellom den vaksne sitt fokus på kontroll og den varme relasjonen. Ein slik vaksenstil byr på meir kulde enn varme. Når den vaksne har ein slik vaksenstil kan det auke aggresjon og motstand hos baret. Barnet kan svare ved å vise aggresjon tilbake, eller ved å stenge aggresjonen inne. Når eit barn opplever at kontrollen, krava og den negative responsen frå den vaksne blir sterk, vil det oppleve dette som ein type fiendtleg heit.

Barnehagen skal:

Barnehagens tilsette skal bruke tid på å forstå og lære om dei fire vaksenstilane. Dei skal sjå på dette spenningsprogrammet i førehald til sitt eige nærvær i barnehagen, samt reflektere over barnehagens totale læringsmiljø i det same perspektivet. Det er og viktig å betrakte dette frå barnets perspektiv.

**Målet er å vera autoritative vaksne, varme og grensesettande.**

**TILVENNING HAR 3 FORMÅL:**

1. VENNE BARNET TIL DET NYE MILJØET
2. GJE BARNET EIN SJANS TIL Å BLI TILSTREKKELEG GODT KJENT MED MINST EIN TILSETT, SLIK AT DEN PERSONEN KAN FUNGERE SOM EI ERSTATNING FOR FØRESETTE DEN TIDA BARNET ER I BARNEHAGEN
3. Å VENNE BARNET TIL Å KLARE SEG FLEIRE TIMAR I STREKK, UTAN FØRESETTE OG I STADEN SETA TILKNYTINGSSYSTEMET I KVILEMODUS OG KUNNA ENGASJERE SEG I LEIK OG UTFORSKING *(JMF TILKNYTING I BARNEHAGEN, KVA BETYR LÆRING? MALIN BROBERG, BIRTE HAGSTRØM OG ANDERS*

# Trygg start og gode overgangar i Rauland barnehage

Me må bruke god tid til tilvenning og la barnet bli kjent med oss, i barnets tempo. I starten må me også bruke tid til å bli kjent med foreldre. Anerkjenne deira behov for å bli sett og forstått, trygge dei på at det går bra med barnet. Gråt er heilt normalt. Send dei gjerne ei melding eller eit bilete når barnet har roa seg og er fornøgd.

Me brukar COS- Circle Of Security i dette arbeidet. Som er ein modell på å analysere barns åtferd, følelsar og behov. Me har ansvar for primærbarna våre. Bruk gjerne ei loggbok, som du brukar i arbeidet med å observere barnet i ulike kvardagssituasjonar. Me må bekrefte og anerkjenne ungane sitt følelseregister. Det er lov og viktig å vera lei seg. Og anerkjenne at me forstår følelsen.

Me må tilpasse rutinar og organisere tid og rom slik at barnet får tid til å bli kjent, etablere relasjonar og knyte seg til oss personale og til andre barn. Me må ha tett oppfølging den første tida. Hugs på at overgangar mellom avdelingar i barnehagen også treng ei ny tilvenningsperiode. Barn er sårbare for endringar.

Me vil våren før nytt barnehageår bruke tid til å hospitere på ny avdeling og vera saman med dei ungane som skal vera saman frå nytt barnehageår. Me vil ha minst ein kjent/trygg vaksen som følger borna over på ny avdeling. Me vil også ha foreldremøte på vårparten, med den nye barnegruppa (med oppstart hausten).

# Førebygge vald og seksuelle overgrep

*Vinje kommune har sin eigen handlingsplan mot vald i nære relasjonar. Der målet er at alle heimar skal vere arenaer for tryggleik og omsorg – frie for vald. Samarbeid på tvers av sektorar er eit sentralt verkemiddel i kampen mot vald.*

*Visjon og mål:*

*Alle i Vinje skal ha ein trygg og sikker kvardag*
*– Vald er aldri ei løysing.*

## Hovudmål:

- Alle som lever, bur og arbeider i Vinje Kommune skal kjenne til arbeidet mot vald i nære relasjonar
- Me skal sikre dei som blir utsatt for vald i nære relasjonar naudsynt hjelp og beskyttelse
- Me skal ha kunnskap og kompetanse i hjelpeapparatet både i høve til valdsutsette og valdsutøvarar
- Me skal ha eit tett tverrfagleg samarbeid mot vald i nære relasjonar i heile Vinje Kommune

Alle i kommunen skal gjere eit krafttak mot vald i nære relasjonar. Me skal vere med på å avdekke, førebygge og hindre helseskade i form av valdsutøving i nære relasjonar.

Me som jobbar i barnehage har den daglege og nære kontakten med barna, dette er ein sentral posisjon til å kunne observere og ta imot informasjon om omsorgs- og livssituasjonen til barna. Personalet skal ha eit bevisst forhold til at barn kan vere utsatt for omsorgssvikt, vald og seksuelle overgrep, dei tilsette skal vite korleis dei kan førebyggje og oppdage dette. Personalet skal kjenne til opplysingsplikta til barnevernet, jf. barnehagelova §22.

**For barns beste, må du tørre og tenke det verste. Du ser det ikkje, før du trur det.**

## *Opplysningsplikta til barnevernet*

Barnehagepersonalet skal i sitt arbeid vere oppmerksam på forhold som kan føre til tiltak frå barnevernstenesta si side.

Utan hinder av teiesplikt skal barnehagepersonalet av eiga tiltak gje opplysingar til barnevernstenesta, når det er grunn til å tru at eit barn blir mishandla i heimen eller det førelegg andre former for alvorlig omsorgssvikt, jf. lov om barnevern tenester § 4-10, § 4-11, § 4-12, eller når eit barn har vist vedvarande alvorlege åtferdsvanskar, jf. same lov § 4-24. Også etter pålegg frå dei instansar som er ansvarlige for gjennomføringa av lov om barnevernstenester, plikter barnehagepersonalet å gje slike opplysningar. Opplysningar skal normalt gjevast av styrar.

- Personalet skal ha kjennskap til handlingsplanen mot vald i nære relasjonar for Vinje Kommune. Dei skal kjenne til opplysingsplikta til barnevernet. Og ulike måtar å førebygge og avdekke omsorgssvikt, vald og seksuelle overgrep.
- Personalet skal bli tilbydd auka kompetanse innanfor temaet, som kurs, lesestoff og rettleiing.



| 1 – 2 år | 2-3 år | 3-4 år | 4-5år | 5-6år |
| --- | --- | --- | --- | --- |
| Barna skal:<br>Bli kjent med menneskekroppen og kva dei ulike kroppsdelane heiter.<br><br>Personalet skal: Ha førebyggande samtaler med foreldre.<br><br>Ha vald, omsorgssvikt og seksuelle overgrep som tema på foreldremøte.<br>Snakke med barna om kjensler. Samt bekrefte barns | Barna skal:<br>Bli kjent med menneskekroppen og kva dei ulike kroppsdelane heiter.<br><br>Få eit bevisst forhold til sin eigen kropp og identitet<br><br>Personalet skal:<br>Ha førebyggande samtaler med foreldre. Ha vald, omsorgssvikt og seksuelle overgrep | Barna skal: Bli kjent med menneskekroppen og kva dei ulike kroppsdelane heiter.<br><br>Få eit bevisst forhold til sin eigen kropp og identitet.<br><br>Personalet skal:<br>Ha førebyggande samtaler med foreldre.<br><br>Ha vald, omsorgssvikt og seksuelle overgrep som tema på foreldremøte.<br>Ha barnesamtalar saman med barna.<br><br>Snakke med barna om | Barna skal: Bli kjent med menneskekroppen og kva dei ulike kroppsdelane heiter.<br><br>Få eit bevisst forhold til sin eigen kropp og identitet.<br><br>Personalet skal: Ha førebyggande samtaler med foreldre.<br><br>Ha vald, omsorgssvikt og seksuelle overgrep som tema på foreldremøte. | Barna skal: Bli kjent med menneskekroppen og kva dei ulike kroppsdelane heiter.<br><br>Få eit bevisst forhold til sin eigen kropp og identitet.<br><br>Personalet skal:<br>Ha førebyggande samtaler med foreldre.<br><br>Ha samlingsstund med barna der dei snakkar om temaet vald og seksuelle overgrep. Ha vald, omsorgssvikt og seksuelle overgrep som tema på foreldremøte. |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| kjensler og sette ord på dei.<br><br>Snakke med barna om kva som er greitt og ikkje, å lære dei og sette grenser for sin egen kropp. | som tema på foreldremøte.<br><br>Snakke med barna om kjensler. Samt bekrefte barns kjensler og sette ord på dei. | kjensler. Samt bekrefte barns kjensler og sette ord på dei.<br><br>Snakke med barna om gode og vonde berøringar.<br><br>Snakke med barna og gode og vonde hemmelegheiter.<br><br>Snakke om kva vaksne ikkje har lov til å gjere med barn<br><br>Snakke om kva søsken/andre ikkje har lov til å gjere.<br><br>Lære barna å sette grenser for sin egen kropp. Bruke bøkar og anna pedagogisk verktøy i høve til tema, dette kan vere med på å avdekke å førebygge vald, omsorgssvikt og seksuelle overgrep. | Ha barnesamtalar saman med barna.<br><br>Snakke med barna om kjensler. Samt bekrefte barns kjensler og sette ord på dei.<br><br>Snakke med barna om gode og vonde berøringar.<br><br>Snakke med barna og gode og vonde hemmelegheiter.<br><br>Snakke om kva vaksne ikkje har lov til å gjere med barn<br><br>Snakke om kva søsken/ andre ikkje har lov til å gjere.<br><br>Lære dei å sette grenser for sin egen kropp.<br><br>Bruke bøkar og anna | Ha barnesamtalar saman med barna.<br><br>Syne film for 6 åringane som omhandlar tema vald og seksuelle overgrep. «Kroppen min eier eg»<br><br>Snakke med barna om kjensler. Samt bekrefte barns kjensler og sette ord på dei.<br><br>Snakke med barna om gode og vonde berøringar.<br><br>Snakke med barna og gode og vonde hemmelegheiter.<br><br>Snakke om kva vaksne ikkje har lov til å gjere med barn Snakke om kva søsken/andre ikkje har lov til å gjere.<br><br>Lære barna å sette grenser for sin egen kropp. |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | | | pedagogisk verktøy i høve til tema, dette kan vere med på å avdekke å førebygge vald, | Bruke bøkar og anna pedagogisk verktøy i høve til tema, dette kan vere med på å avdekke å førebygge vald, omsorgssvikt og seksuelle overgrep. |

# Kommunikasjon, språk og tekst

*Barnehagen skal vere bevisst på at kommunikasjon og språk påverkar og blir påverka av alle sider ved barnet si utvikling. Gjennom dialog og samspel skal barna støttast i å kommunisere, medverke, lytte, forstå og skape meining. Barnehagen skal anerkjenne og verdsetje barnas ulike kommunikasjonsutrykk og språk, medrekna teiknspråk.*

*Barna skal møte ulike språk, språkformer og dialekt gjennom rim, regler, songar, litteratur og tekstar frå notid og fortid. Barna skal få leike med språk, symbol og tekst, og stimulere til språkleg nysgjerrigheit, bevisstheit og utvikling. Dei skal på ulike måtar få erfare det å formidle tekstar og forteljingar på, som kjelde til estetiske opplevingar, kunnskap, refleksjon og møte med språk og kultur.*

Personalet skal:

- Skape eit variert språkmiljø der barna får oppleve glede ved å bruke språk og kommunisere med andre

- Anerkjenne og respondere på dei ulike verbale og ikkje-verbale uttrykka til barna og støtte språkutviklinga deira
- Synleggjere språkleg og kulturelt mangfald, støtte barna sine ulike kulturelle utrykk og identitetar og fremje mangfald i kommunikasjon, språk og andre uttrykksformer
- Invitere til ulike samtalar der barna får fortelje, undre seg, reflektere og stille spørsmål
- Oppmuntre barna til å fabulere og leike med språk, lyd, rim og regle
- Støtte barna i leiken med og utforskinga av skriftspråket
- Vere beviste på rolla som språkleg førebilete og vere lydhøyre i kommunikasjon med alle barn
- Vera beviste på å bruke norsk med teiknstøtte – enkle kvardagsteikn.
- Følgje med  på kommunikasjonen og språket til barna og fange opp og støtte barn som har ulike former for kommunikasjonsvanskar, er lite språkleg aktive eller har sein språkutvikling
- Bidra til at språkleg mangfald blir noko positivt for heile barnegruppa. Støtte fleirspråkelege til å bruke morsmålet sitt og samtidig aktivt fremje og utvikle den norsk-/samiskspråkelege kompetansen til barna

| 1-2 år | 2-3 år | 3-4 år | 4-5 år | 5 – 6 år |
|---|---|---|---|---|
| Barna skal øve på turtaking<br><br>Personalet skal:<br><br>Nytte enkle songar med rørsle<br><br>Nytte rim og regler<br><br>Nytte språksprell<br><br>Nytte biletbøkar med lite eller inga tekst<br><br>Ha korte samlingsstunder<br><br>Nytte musikk<br><br>Ha ein til ein dialog under rutinesituasjonar som bleieskift og måltid | Barna skal øve på turtaking<br><br>Personalet skal:<br><br>Nytte enkle songar med rørsle<br><br>Nytte rim og regler<br><br>Nytte språksprell<br><br>Nytte biletbøkar med lite eller inga tekst<br><br>Ha korte samlingsstunder Nytte musikk | Barna skal øve på turtaking og samarbeid<br>Personalet skal:<br><br>Nytte rørslesongar<br><br>Leike med rimeord<br><br>Nytte språksprell<br><br>Nytte bøkar med meir detaljar, samtale kring bileta<br><br>Nytte vekas barn<br><br>Ha samlingsstund og la barna få velje song eller fortelje noko sjølv | Barna skal:<br><br>Øve på turtaking og samarbeid, hjelpe dei yngre barna<br><br>Barna skal rime på eigen hand, nytte rimelotto<br><br>Lære bokstavlydar og kjenne att bokstavane i namnet sitt.<br><br>Forstå spelereglar i spel<br><br>Personalet skal: | Barna skal:<br><br>Kunne skrive namnet sitt<br><br>Lære bokstavlydar og kjenne att bokstavane i namnet sitt.<br><br>Øve på tekstskaping/lage dikt<br><br>Øve på turtaking og samarbeid, hjelpe dei yngre barna<br><br>Rime på eigen hand, nytte rimelotto<br><br>Forstå spelereglar i spel |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| Ha enkle symbol i barnet si høgde<br><br>Nytte bilete; hengje dei opp i barnas høgde<br><br>Nytte snakkepakka<br><br>Nytte puslespel og putteboksar<br><br>Nytte språkleik | Ha ein til ein dialog under rutinesituasjonar som bleieskift og måltid<br><br>Ha enkle symbol i barnet si høgde<br><br>Nytte bilete; hengje dei opp i barnas høgde<br><br>Nytte snakkepakka<br><br>Nytte puslespel og putteboksar<br><br>Nytte språkleik | Nytte musikk<br><br>Snakke med barna i ulike situasjonar m.a. påkledning og måltid, og trene på ulike omgrep<br><br>Nytte symbol og bokstavar på vegg, leikekasser osb. Lære fyrstebokstav i namnet sitt<br><br>Nytte bilete saman med tekst<br><br>Nytte snakkepakka<br><br>Nytte spel og aktivitetar for å auke forståing av spel -og leikereglar Nytte språkleik | Nytte høgtlesing med meir tekst ein bilete.<br><br>Nytte vekas barn<br><br>Ha samlingsstund og la barna fortelje eventyr og historie<br><br>Nytte språksprell<br><br>Nytte musikk<br><br>Nytte rutinesituasjonane til å finne samansette ord<br><br>Nytte snakkepakka<br><br>Nytte språkleik<br><br>Arbeide med tekstskaping/tema basera | Personalet skal:<br><br>Nytte høgtlesing med meir tekst ein bilete.<br><br>Nytte vekas barn<br><br>Ha samlingsstund og la barna fortelje gåter og vitsar eller eventyr og historie<br><br>Nytte språksprell<br><br>Nytte musikk<br><br>Nytte rutinesituasjonane til å finne samansette ord<br><br>Nytte snakkepakka<br><br>Nytte språkleik<br><br>Arbeide med tekstskaping/tema basera |

# Etikk, religion og filosofi

*Etikk, religion og filosofi er med på å forme korleis vi oppfattar verda og menneska. Det pregar verdiar, normer og haldningar. Barnehagen skal bidra til at barna tileignar seg samfunnets grunnleggande normer og verdiar, og utviklar toleranse og interesse for kvarandre og respekt for kvarandre si bakgrunn, uansett kulturell, religiøs eller livssynsmessig tilhøyrande. Barnehagen skal bidra til at barna utforskar og undrar seg over eksistensielle, etiske og filosofiske spørsmål.*

Personalet må:

- Formidle forteljingar og skape rom for barnas opplevingar, samtaler, erfaringar og tankar om religion, livssyn, etikk og eksistensielle tema.
- Vera gode lyttarar.
- Vera bevisst sitt yrkesetiske ansvar for praktisering av barnehagens verdigrunnlag.
- Vera gode rollemodellar og opptre slik at barna kan få støtte i eigen identitet og respekt for kvarandre.
- Møte barna si tru, spørsmål og undring med alvor og respekt.
- Undre seg saman med barna i spørsmål om filosofi, religion og etikk.
- Skape forståing for ulike kulturar og levesett.
- Hjelpe barn i konfliktsituasjonar til å finne konstruktive løysingar.
- La den kristne kulturarven kome til uttrykk gjennom høgtidsmarkeringar, markere andre religiøse, livssynsmessige og kulturelle tradisjonar som er representera i barnehagen.

| 1-2 år | 2-3 år | 3-4 år | 4-5år | 5-6år |
|---|---|---|---|---|
| Barna skal:<br>Lære om kjenslene. T.d. glad, sinna og lei seg. Kjenne att kjenslene hjå andre.<br><br>Lære og dele.<br><br>Øve på samspel ved å ha aktivitetar der fleire barn deltek<br><br>Delta i joleførebuingar<br><br>Personalet skal: Snakke om våren og alt som vaknar til nytt liv<br><br>Undre oss saman med barna over det som skjer i kvardagen | Barna skal:<br>Lære om kjenslene. T.d. glad, sinna og lei seg. Kjenne att kjenslene hjå andre.<br><br>Lære og dele.<br><br>Sjå korleis eigne handlingar påverkar andre<br><br>Øve på samspel ved å ha aktivitetar der fleire barn deltek<br><br>Delta i joleførebuingar<br><br>Personalet skal: Snakke om våren og alt som vaknar til nytt liv | Barna skal: Sjå korleis eigne handlingar påverkar andre<br><br>Syne medkjensle.<br><br>Øve på å regulere ulike kjensler<br><br>Respektere andre<br><br>Få innsikt i andre kulturar.<br><br>Få innsikt i kristne tradisjonar og høgtidar.<br><br>Deltaka i joleførebuingar<br><br>Syngje høgtidssongar | Barna skal: Respektere og akseptere mangfald. Kjenne til at alle menneske er ulike og har ulike føresetnader og syne respekt for det.<br><br>Øve på å regulere ulike kjensler<br><br>Få kjennskap til joleevangeliet.<br><br>Deltaka i joleførebuingar<br><br>Syngje høgtidssongar<br><br>Få kjennskap til påskehistoria – tid til undring og samtale. | Barna skal:<br>Samtale kring korleis me kan ta vare på venene våre og korleis me kan inkludere nye vener.<br><br>Respektere og akseptere mangfald. Kjenne til at alle menneske er ulike og har ulike føresetnader og syne respekt for det.<br><br>Få kjennskap til joleevangeliet.<br><br>Syngje høgtidssongar<br><br>Få kjennskap til påskehistoria – tid til undring og samtale.<br>Gå i Lucia-tog |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| Lesa biletbøkar om kjensler<br><br>Bruke flanellograf/bilete /konkretar til å visualisere forteljingar | Undre oss saman over det som skjer i kvardagen<br><br>Lesa biletbøkar om kjensler<br><br>Brukeflanellograf/bilete /konkretar til å visualisere forteljingar<br><br>Lesa bøker om venskap<br><br>Syngje høgtidssongar saman med barna<br><br>Nytte flanellograf/bilete til å fortelje påskebodskapet | Personalet skal:<br>Samtale kring korleis me kan få gode vener og vera ein god ven.<br><br>Lesa og snakke om påske og at våren kjem med nytt liv<br><br>Fylgje opp barna si undring og utvikle emne til å stille spørsmål<br><br>Lesa bøker om venskap<br><br>Nytte flanellograf/bilete til å fortelje påskebodskapet | Øve på problemløysing/ konfliktløysingsmodellen.<br><br>Personalet skal:<br>Samtale kring korleis me kan ta vare på venene våre og korleis me kan inkludere nye vener.<br><br>Filosofere over emne som rører kvardagen til barna.<br><br>Lesa bøker som gjev oss sosial kompetanse<br><br>Fortelje om påskebodskapen | Øve på å regulere ulike kjensler<br><br>Øve på problemløysing/ konfliktløysingsmodellen.<br><br>Deltaka i joleførebuingar<br><br>Personalet skal:<br>Samtale kring korleis me kan ta vare på venene våre og korleis me kan inkludere nye vener.<br><br>Filosofere over emne som rører kvardagen til barna.<br><br>Lesa bøker som gjev oss sosial kompetanse<br><br>Fortelje om påskebodskapen |

# Kunst, kultur og kreativitet

*Barna skal barna få estetiske erfaringar med kunst og kultur i ulike former. Barna skal få oppleve samhøyrsle og kreativitet ved å kunne skape kunstnariske og kulturelle uttrykk. Barna skal få utrykkje seg gjennom uttrykksformer som biletkunst og kunsthandverk, dans, musikk, drama, språk, litteratur, film, arkitektur og design. Barna skal få møte ulike kunstnariske og kulturelle utrykk som speglar eit mangfaldig samfunn, og ulike tidsepokar. Barna skal få vidareutvikle sine utrykk og kreative prosessar.*

Personalet skal:

- Samtale med barna om deira eigne og andre sine kunstnariske og kulturelle uttrykk
- Gje rom for, støtte og styrkje barnas bearbeiding av møte med kunst og kultur
- Vere lydhøyre, anerkjenne og respektere barns eigen tradisjonskultur og barnekultur
- Vere lyttande og merksame på dei ulike kulturelle utrykka til barna, vise respekt for ytringsformene deira og fremje lysta til å gå vidare med å utforske dei estetiske områda
- Motivere barna til å utrykkje seg gjennom musikk, dans, drama og anna skapande verksemd og la dei få utvikle varierte utrykksformer
- Synleggjere og skape estetiske dimensjonar i barnehagens inne- og utemiljø
- Gje barna høve til å bli kjende med eit mangfald av tradisjonar og kunst- og kulturutrykk frå fortid og samtid ➢ Bidra til at kulturelt mangfald blir til glede for heile barnegruppa

| 1-2 år | 2-3 år | 3-4 år | 4-5 år | 5-6 år |
|---|---|---|---|---|
| Barna bør delta på barnehagen sin sommarfest<br><br>Barna skal oppleve estetiske møter<br><br>Personalet skal: Nytte rytmeinstrument<br><br>Syngje kjente barnesongar<br><br>Nytte rørslesongar/dans<br><br>Dramatisere eventyr som t.d. Bukkane Bruse og Gullhår<br><br>Legge til rette for sanseopplevingar som å kjenne, sjå, lytte og smake<br>Nytte ulike formingsmateriell | Barna bør delta på barnehagen sin sommarfest<br><br>Barna skal: Vere med å syngje kjente barnesongar<br><br>Oppleve estetiske møte<br><br>Personalet skal: Nytte rytmeinstrument<br><br>Nytte rørslesongar/dans<br><br>Dramatisere eventyr som t.d. Bukkane Bruse og Gullhår Legge til rette for sanseopplevingar | Barna bør delta på barnehagen sin sommarfest<br><br>Barna skal:<br>Syngje songar<br><br>Høyre på ulik type musikk<br><br>Nytte rytmeinstrument til kjente songar. Bli kjent med takt og rytme<br><br>Lære ulike dansar og danse fritt til musikk<br><br>Oppleve estetiske møter<br><br>Personalet skal:<br>Dramatisere ulike eventyr<br><br>Ha teater i barnehagen, samt vitje biblioteket<br>Fordjupe seg i eit tema over tid og | Barna bør delta på barnehagen sin sommarfest<br><br>Nytte rytmeinstrument til kjente songar. Bli kjent med takt og rytme<br><br>Syngje songar<br><br>Lære ulike dansar og danse fritt til musikk<br><br>Høyre ulik type musikk<br><br>Barna skal få uttrykke seg med ulike formingsmateriell og få kunnskap om ulike teknikkar<br><br>Oppleve estetiske møter<br><br>Personalet skal:<br>Dramatisere eventyr og dokketeater | Barna bør delta på barnehagen sin sommarfest<br><br>Nytte rytmeinstrument til kjente songar. Bli kjent med takt og rytme<br><br>Syngje songar<br><br>Lære ulike dansar og danse fritt til musikk<br><br>Gå på teater, museum og bibliotek, samt vitje kulturminne og kunst i lokalmiljøet<br><br>Høyre ulik type musikk<br><br>Barna kan uttrykke seg med ulike formingsmateriell og har kunnskap om ulike teknikkar<br><br>Oppleve estetiske møter<br><br>Dramatisere eventyr og dokketeater |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | som å kjenne, sjå, lytte og smake<br><br>Nytte ulike formingsmateriell | gjennomarbeide dette i ulike uttrykksformer | | |

# Mengd, rom og form

*Fagområdet handlar om å oppdage, utforske og skape strukturar og hjelper barna til å forstå samanhengar i naturen, samfunnet og universet. Barnehagen skal synleggjere samanhengar og leggje til rette for at barna kan utforske og oppdage matematikk i daglegliving, i teknologi, natur, kunst og kultur, og ved å sjølve vere kreative og skapande. Fagområde omfattar leikande og undersøkjande arbeid med samanlikning, sortering, plassering, orientering, visualisering, former, mønster, tal, teljing og måling.*

Personalet skal:

- Bruke matematiske omgrep reflektert og aktivt i kvardagen
- Bruke bøker, spel, musikk, digitale verktøy, naturmateriale, leiker og utstyr for å inspirere barna til å tenkje matematisk
- Gjere barna meir nysgjerrige og styrkje matematikkgleda og interessa for matematiske samanhengar med utgangspunkt i uttrykksformene til barna

- Resonnere og undre seg saman med barna om likskapar, ulikskapar, storleikar og mengd/tal
- Gje barna erfaringar med ulike type mål, måleiningar og målereiskapar og å stimulere til og fundere rundt avstandar, vekt, volum og tid
- Leggje til rette for matematiske erfaringar gjennom å bidra med matematiske idear og utdjupande samtalar i leik og kvardag
- Stimulere og støtte barnas evne til problemløysning og hjelpe dei til å vere utholdande

| 1-2 år | 2-3 år | 3-4 år | 4-5 år | 5-6 år |
|---|---|---|---|---|
| na skal:<br>Få innblikk i tala 1-3.<br>Nytte teljesongar og teljeregler.<br><br>Få innblikk i tala 1-3 på andre språk (dei som er representert i barnegruppa).<br><br>Nytte putteboks med ulike former<br><br>Leike med duplo og klossar (konstruksjonsleik)<br>Byggje og stable i høgda og breidda.<br><br>Nytte knottpuslespel og puslespel med få brikker<br><br>Personalet skal:<br>Nytte omgrepa: stor og liten, ingen og mange, lett og tung. | Barna skal: Lære tala 1-5. Me nytter teljesongar og teljeregler.<br><br>Få innblikk i tala 1-5 på andre språk (dei som er representert i barnegruppa).<br><br>Leike med duplo og klossar (konstruksjonsleik)<br>Byggje og stable i høgda og breidda<br><br>Personalet skal:<br>Nytte omgrepa: stor og liten, ingen og mange, lett og tung.<br><br>Nytte fargenamn. Konsentrera til gul, blå, raud og grøn<br><br>Måle barna haust og vår | Barna skal:<br>Lære tala 1-10 (i daglege situasjonar og ved bruk av teljesongar, -regler og – eventyr)<br><br>Få innblikk i tala 1-10 på andre språk(dei som er representert i barnegruppa).<br><br>Nytte ulike geometriske figurar finnast i rommet. Bevisst bruk av omgrepa sirkel, trekant og kvadrat.<br><br>Lære å sortere, lære fargar og former<br><br>Lære å kjenne att og nemne: sirkel, oval, kvadrat, rektangel og trekant.<br><br>Finne par. Spele lotto<br><br>Nytte ulike spel og puslespel<br><br>Konstruere med jovo | Barna skal:<br>Lære å telje til 20 og nytte teljeregler, songar og eventyr.<br><br>Få innblikk i tala 115 på andre språk, (dei som er representert i barnegruppa).<br><br>Lære å kjenner att og nemne: sirkel, oval, kvadrat, rektangel og trekant.<br><br>Lære omgrep som liten, stor, ingen, mange, lett, tung, høgt og lågt<br><br>Leike med geometriske figurar og nytte omgrepa bevisst<br><br>Lære omgrepa: i, | Me tel til 20 og nytter teljeregler, songar og eventyr.<br><br>Få innblikk i tala 1-20 på andre språk, t.d. samisk, litauisk, somalisk, engelsk(dei som er representert i barnegruppa).<br><br>Barna kjenner att og nemner ved namn sirkel, oval, kvadrat, rektangel og trekant.<br><br>Spele spel som øver matematisk og logisk sans, terningspel<br><br>Nytte målereiskapar i m.a. bakeaktivitet. Vekt, veie ting.<br><br>Byrje å interessere seg for klokka<br><br>Nytte lego, geomag, puslespel, perle i mønster.<br><br>Nytte omgrep som liten, stor,ingen, mange, lett, tung, |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| Nytte fargenamn. Konsentrera til gul, blå, raud og grøn<br><br>Måle barna haust og vår | Nytte kims leik | brikker og lego. Utforske med bygging og stabling i høgde og breidde.<br><br>Lære omgrep som liten, stor, ingen, mange, lett, tung, høgt og lågt<br><br>Nytte geometriske figurar og nytte omgrep bevisst<br><br>Nytte omgrepa: i, over, under, på i m.a. samlingsstund og ved hinderløype<br><br>Nytte kims leik<br><br>Måle barna haust og vår | over, under, på i m.a. samlingsstund og ved hinderløype<br><br>Personalet skal:<br>Nytte kims leik<br><br>Måle barna haust og vår | høgt, lågt, lang, kort, tynn, tykk.<br><br>Sortere etter storleik, form, farge, funksjon og kategori.<br><br>Bli kjent med omgrep som dag, månad, år og årstid.<br><br>Vere med på skuleførebuande oppgåver i førskuleklubben.<br><br>Personalet skal:<br>Nytte kims leik<br><br>Måle barna haust og vår |

# Nærmiljø og samfunn

*Barna skal bli kjende med sitt eige nærmiljø, samfunnet og verda gjennom utforsking, opplevingar og erfaringar. Barna skal få kunnskap og erfaring med lokale tradisjonar, samfunnsinstitusjonar og yrke, slik at barna kan oppleve tilhøyrsle til nærmiljøet. Barna skal få erfaring med å lytte, forhandle og diskutere og få gryande kjennskap til menneskerettane. Barna skal få kjennskap til samisk språk, kultur og tradisjon, og kjennskap til nasjonale minoritetar. Barna skal lære korleis dei skal oppføre seg i trafikken. Dei skal lære seg huskereglar for barn i trafikken.*

Personalet skal:

- Sørgje for at barna erfarer at vala og handlingane deira kan påverke situasjonen både for dei sjølve og for andre
- Introdusere barna for personar, stader og samfunnsinstitusjonar i nærmiljøet for å skape tilhøyrsle og hjelpe barna med å orientere seg og ferdast trygt
- Gi barna like moglegheiter, fremje likestilling og motverke diskriminering, fordommar, stereotypiar og rasisme
- Gi barna forståing for at samfunnet er i endring, og at dei er ein del av ein historisk, notidig og framtidig samanheng
- Gjere barna kjende med samisk kultur og levesett og knyte det samiske perspektivet til merkedagar og kvardagsliv, kunst og kultur og mattradisjonar
- Gi barna gryande kjennskap til kor viktige menneskerettane er, særleg barnekonvensjonen

| 1-2 år | 2-3 år | 3-4 år | 4-5 år | 5-6 år |
|---|---|---|---|---|
| Barna skal: Bli kjent med barnehagens uteområde<br><br>Gå tur i nærmiljøet og observera omgjevnadene<br><br>Utvikle gruppekjensla gjennom samlingsstund på avdeling og felles på huset<br><br>Delta i markering av FN dagen<br><br>Personalet skal: Syngje kjente songar, og namnesongar<br><br>Jobbe med | Barna skal:<br>Gå tur i nærmiljøet og observera omgjevnadene<br><br>Utvikle gruppekjensla gjennom samlingsstund på avdeling og felles på huset<br><br>Vere med å syngje kjente songar, og namnesongar<br><br>Delta i markering av FN dagen<br><br>Besøke gardar i nærmiljøet (i gåavstand)<br><br>Lære litt om Noreg, Oslo og Kongefamilien<br><br>Personalet skal: | Barna skal:<br>Bli kjent i nærmiljøet, gå på tur og sjå kvar barna bur, så langt det lar seg gjøre<br><br>Besøke gardar i nærmiljøet (i gåavstand)<br><br>Utvikle gruppekjensla gjennom samlingsstund på avdeling og felles på huset<br><br>Lære litt om Noreg, Oslo og Kongefamilien<br><br>Delta på markering av FN dagen, fokus på barnekonvensjonen<br><br>Utvikle gruppekjensla gjennom samlingsstund på avdeling og felles på huset<br><br>Lære om samisk kultur<br>Lære om ulike kulturar | Barna skal: Gå turar i nærmiljøet og sjå kvar barna bur, så langt det lar seg gjøre<br><br>Besøke gardar i nærmiljøet (i gåavstand)<br><br>Lære litt om Noreg, Oslo og Kongefamilien<br><br>Delta på markering av FN dagen/fokus på barnekonvensjonen<br><br>Utvikle gruppekjensla gjennom samlingsstund på avdeling og felles på huset | Barna skal:<br>Gå turar i nærmiljøet og sjå kvar barna bur, så langt det lar seg gjøre<br><br>Lære namn på stader i nærmiljøet, bevisstgjera barn på kva dei ulike stadene heiter i nærmiljøet<br><br>Besøke gardar i nærmiljøet (kan nytte buss)<br><br>Lære litt om Noreg, Oslo og Kongefamilien<br><br>Jobbe med prosjekt<br><br>Deltapå markering av FN dagen/fokus på barnekonvensjonen<br><br>Utvikle gruppekjensla gjennom samlingsstund på avdeling og felles på huset |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| prosjekt saman med barna | Jobbe med prosjekt saman med barna | Personalet skal:<br>Nytte Vanja og Eldar (brann)<br><br>Jobbe med prosjekt saman med barna | Lære om samisk kultur<br><br>Lære seg kva dei heiter til etternamn, adresse<br>og kvar dei bur<br><br>Lære om ulike kulturar<br><br>Bli kjent med Tarkus (trafikk)<br><br>Bli kjent med Eldar og Vanja (brann)/Bjørnis<br><br>Jobbe med prosjekt Saman med barna | Lære om samisk kultur<br><br>Lære seg kva dei heiter til etternamn, adresse og kvar dei bur<br><br>Vitje biblioteket<br><br>Lære om ulike kulturar<br><br>Delta på skulevitjing<br><br>Delta i førskulegruppa<br><br>Kjenne til Tarkus (trafikk)<br><br>Kjenne til Eldar og Vanja (brann)/Bjørnis |

# Kropp, rørsle, mat og helse

*Barna skal tileigne seg gode vanar og handlingsmønster. Barna skal inkluderast i aktivitetar der dei får bevege seg, leike og samhandle med andre og oppleve motivasjon og meistring ut i frå eigne føresetnadar.*

*Barna skal bli kjende med kroppen sin og lære korleis dei kan bli bevisste på eigne og andre sine grenser. Barna skal oppleve rørsleglede, matglede og matkultur, mentalt og sosialt velvære og fysisk og psykisk helse. Barna skal få sanse, oppleve, leike, lære og skape med kroppen sin. Barna skal motiverast til å ete sunn mat og få ei forståing for korleis sunn mat bidreg til god helse.*

Personalet skal:

- Vere aktive og nærverande, støtte og utfordre barna til variert kroppsleg leik og anerkjenne barnets meistring
- Bidra til at barna kan tileigne seg gode vanar, haldningar og kunnskapar om kost, hygiene, aktivitet og kvile
- Gi barna tilgang til varierte og utfordrande rørslemiljø, sanseopplevingar og kroppsleg leik ute og inne, i og utanfor barnehageområdet
- Bidra til at barna utviklar eit bevisst forhold til retten til å bestemme over eigen kropp og respekt for andre sine grenser.
- Leggje til rette for at måltid og matlaging bidreg til måltidsglede, deltaking, samtaler og fellesskapskjensle hos barna
- Kjenne og praktisere nasjonale føringar for helsefremjande og førebyggjande tiltak som gjeld barn
- Kunne utføre fyrstehjelp
- Vere tilstade for barna
- Lære ungane solvett og korleis kle seg i ulike temperaturar/årstider

| 1-2 år | 2-3 år | 3-4 år | 4-5 år | 5-6 år |
|---|---|---|---|---|
| Barna skal:<br>Bli kjent med kroppen<br><br>Lære å gå, hoppe og springe<br><br>Trille ball<br><br>Leik ute, inne og delta på små turar<br><br>Høyre på musikk og danse<br><br>Delta på bursdagsfeiring<br><br>Høyre rim/regler<br><br>Vaske hendar<br><br>Personalet skal:<br>Ha gode måltidssituasjonar | Barna skal:<br>Øve på finmotorikk (perle, halde på blyant og pensel)<br><br>Øve seg på do<br><br>Øve på sjølvstende ved påkledning<br><br>Delta på ein dag med vinterleikar<br><br>Hoppe, hinke, balansere og springe<br><br>Delta på bursdagsfeiring | Barna skal:<br>Øve på sjølvstende ved påkledning<br><br>Delta på turar i nærmiljøet<br><br>Delta på ein dag med vinterleikar<br><br>Hoppe, hinke, balansere og springe<br><br>Delta på bursdagsfeiring<br><br>Høyre på musikk og danse | Barna skal:<br>Øve på sjølvstende ved påkledning<br><br>Delta på turar i nærmiljøet<br><br>Delta på ein dag med vinterleikar<br><br>Hoppe, hinke, balansere og springe<br><br>Delta på bursdagsfeiring<br><br>Høyre på musikk og danse<br><br>Delta på aktivitetar i gymsalen | Barna skal:<br>Delta på lengre turar i skog og mark<br><br>Delta i hinderløype<br><br>Klatre<br><br>Delta på ein dag med vinterleikar<br><br>Leike med ball<br><br>Delta på aktivitetar i gymsalen<br><br>Delta i bassenget<br><br>Delta på bursdagsfeiring |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| Gym på avdeling<br><br>Bruka orda høgre og venstre, i påkledningssituasjonar. | Høyre på musikk og danse<br><br>Delta i hinderløype<br><br>Lære om kroppens funksjonar, innvendig og utvendig<br><br>Lære rim, regler og songleiker<br><br>Lære om gode og vonde bakteriar, og viktigheita om bruk av såpe | Delta på aktivitetar i gymsalen<br><br>Delta i hinderløype<br><br>Øve finmotorikk<br><br>Lære om kroppens funksjonar, innvendig og<br>utvendig<br><br>Lære forskjell på høgre og venstre<br><br>Lære rim, regler og songleiker<br><br>Øve seg på do<br><br>Lære om gode og vonde bakteriar, og viktigheita om bruk av såpe | Delta i hinderløype<br><br>Øve på finmotorikk<br><br>Lære om kroppens funksjonar, innvendig og utvendig<br><br>Lære rim, regler og songleiker<br><br>Lære forskjell på høgre og venstre<br><br>Lære om gode og vonde bakteriar, og viktigheita om bruk av såpe<br><br>Personalet skal: Ha gode samtaler om kosthald kring måltida<br><br>Bruke boka: "jeg meg, min meg" aktivt | Høyre på musikk og danse<br><br>Bruke boka "jeg meg, min meg", aktivt<br><br>Lære om kroppens funksjonar, innvendig og utvendig<br><br>Lære rim, regler og songleiker<br><br>Lære forskjell på høgre og venstre<br><br>Lære om gode og vonde bakteriar, og viktigheita om bruk av såpe<br><br>Personalet skal: Ha gode samtaler om kosthald kring måltida<br><br>Samtale om "min |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | | Personalet skal: Ha gode samtaler om kosthald<br><br>Bruke boka: "jeg meg, min meg" aktivt | | kropp" eige opplegg, jmf. Stine Sofie Stf. |

# Natur, miljø og teknologi

*Opplevingar og erfaringar i naturen kan fremje forståing for eigenarten til naturen og barna sin vilje til å verne om naturressursane, bevare det biologiske mangfaldet og bidra til berekraftig utvikling. Barna skal få erfaringar med naturen som fremjar evna til å orientere seg og vere i naturen av ulike årstider. Barna skal få eit mangfald av naturopplevingar og oppleve naturen som arena for leik og læring. Barna skal føle tilhøyrsle i naturen og gjere erfaringar med å bruke teknologi og reiskap.*

Personalet skal:

- Leggje til rette for mangfaldige naturopplevingar og bruke naturen som arena for leik, undring, utforsking og læring
- Gje barna tid og høve til å stille spørsmål, reflektere og lage eigne forklaringar på problemstillingar og til å delta i samtalar om det dei har erfart og opplevd
- Synleggjere naturfenomen og reflektere saman med barna om samanhengar i naturen
- Utforske og eksperimentere med teknologi og naturfenomen med barnet
- Ta med ein søppelpose når me går på tur. Vis barna at me tek vare på miljøet.

| 1-2 år | 2-3 år | 3-4 år | 4-5 år | 5-6 år |
|---|---|---|---|---|
| al:<br>Nytte barnehagen sitt uteområde i all slags vêr.<br><br>Gå korte turar i nærmiljøet.<br><br>Erfare ulike naturmaterialar som sand, vatn, jord og sno.<br><br>Sjå på insekt, mark og liknande.<br><br>Nytte sansane ute i naturen(kjenne, ta på, sjå, høyre, smake og lytte).<br><br>Sjå på bilete av kjente dyr og verte kjent med kva lydar dei lagar. | Barna skal:<br>Nytte barnehagen sitt uteområde i all slags vêr.<br><br>Gå korte turar i nærmiljøet.<br><br>Erfare ulike naturmaterialar som sand, vatn, jord og sno.<br><br>Sjå på insekt, mark og liknande<br><br>Nytte sansane ute i naturen(kjenne, ta på, sjå, høyre, smake og lytte).<br><br>Sjå på bilete av kjente dyr og verte kjent med kva lydar dei lagar. | Barna skal:<br>Nytte barnehagens uteområde i all slags vêr.<br><br>Gå litt lengre turar i nærmiljøet.<br><br>Nytte ulike naturmaterialar i leiken og i forbinding med forming.<br><br>Få innsikt i ulike insekt, dyr og vekstar i naturen.<br><br>Nytte sansane, beskrive og systematisere.<br><br>Bevege seg i ulendt terreng.<br><br>Få kjennskap til ulike årstider.<br><br>Nytte bøkar til å lære meir om kjente dyr og plantar. | Barna skal:<br>Nytte barnehagens uteområde i all slags vêr.<br><br>Gå lengre turar i nærmiljøet.<br><br>Nytte fleire naturmaterialar i leik og i forming.<br><br>Nytte bøkar og internett til å lære meir inngåande om ulike insekt, dyr og vekstar i naturen.<br><br>Få ein djupare forståing for livsløpet (fødsel, vekst, aldring, død)<br><br>Lære sporteikn.<br><br>Lære meir om årstidene.<br><br>Lære songar om dyr. | Barna skal:<br>Nytte barnehagen sitt uteområde i all slags vêr.<br><br>Gå lengre turar i nær -og fjernmiljø.<br><br>Nytte fleire naturmaterialar i leik og i forming.<br><br>Nytte bøkar og internett til å lære meir inngåande om ulike insekt, dyr og vekstar i naturen.<br><br>Få ein djupare forståing for livsløpet (fødsel, vekst, aldring, død)<br><br>Lære sporteikn.<br><br>Lære meir om årstidene.<br><br>Lære songar om dyr. |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| Lære enkle songar om dyr.<br><br>Personalet skal:<br>Undre seg saman med barna | Lære enkle songar om dyr.<br><br>Få begynnande kunnskap om krinsløpet. Kva et dyra, og kvar vert maten av?<br><br>Personalet skal:<br>Undre seg saman med barna | Lære songar om dyr.<br><br>Lære meir om krinsløpet. Kva et mennesket? Mennesket et kjøtt, fisk og grønt.<br><br>Lære enkel miljølære – IKKJE kaste søppel i naturen.<br><br>Personalet skal:<br>Ta barna med på daglege gjeremål, og la dei sjå korleis ting fungerer teknisk (vaskemaskin, tørketrommel, kopimaskin)<br><br>Gjennomføre rusken aksjon/plukke søppel | Få kjennskap til naturen sin nedbrytingsprosess og krinsløpet i sin heilskap<br><br>Lære enkel miljølære – IKKJE kaste søppel i naturen/rusken aksjon<br><br>Personalet skal:<br>Ta barna med på daglege gjeremål, og la dei sjå korleis ting fungerer teknisk (vaskemaskin, tørketrommel, kopimaskin)<br><br>La barna få ein innføring i korleis pc og i-pad fungerer | Få kjennskap til naturen sin nedbrytingsprosess og krinsløpet i sin heilskap<br><br>Lære enkel miljølære – IKKJE kaste søppel i naturen/rusken aksjon<br><br>Personalet skal:<br>Ta barna med på daglege gjeremål, og la dei sjå korleis ting fungerer teknisk (vaskemaskin, tørketrommel, kopimaskin)<br><br>La barna få ein innføring i korleis pc og i-pad fungerer |

# Nærværstrening og Theraplay:

Vinje kommune deltek i eit program for folkehelsearbeid, med prosjektet «Eg er meg og du er deg». Dette omhandlar livsmeistring og nærværstrening for barn. Program for folkehelsearbeid har som hovudmålsetjing at barn og unge i Telemark skal oppnå ei god psykisk helse og auka livskvalitet.

Ved å ha nærværstrening inn i barnehagen, ynskjer me å oppnå at dette blir ein integrert del av oppveksten til barn i Rauland barnehage. Målet er at 4-5 åringane skal ha systematisk nærværstrening, og at dei tilsette skal få god kompetanse til å gjennomføre dette. På sikt har me eit mål om at dette skal bli ein del av kvardagen, for alle aldersgrupper i barnehagen.

Gjennom systematisk nærværstrening i Rauland barnehage skal alle barn få:

- eit pusterom i barnehagen
- moglegheit for ro og kvile
- styrka sjølvkjensle og sjølvomsorg
- auka empati og evne til å forstå andre
- betre rusta til å takle motgang og stress
- evna til å setje sunne grenser og meistre eige liv
- får ei betre psykisk helse

Theraplay er relasjonbaserte aktivitetar/leikar for barn og vaksne. Dette skal bidra til å styrke tilknyting, auke sjølvkjensle, meir tillit til andre menneske og gledesfylt samspel. Dei ulike aktivitetane er med på å gje barna reguleringsstøtte. Me har god erfaring med å nyte dette verktøyet i barnehagen. Theraplay kan brukast både på enkeltbarn og grupper med barn. Me vil gjera oss enda meir kjende med dette framover og ser god nytte av å få dette inn i barnehagen.

Informasjon om Theraplay: http://theraplay.no/Theraplay.html

| 1-2 år | 2-3 år | 3-4 år | 4-5 år | 5 – 6 ÅR |
|---|---|---|---|---|
| Kvilestund<br><br>Nærværstrening<br><br>Sanseopplevingar | Kvilestund<br><br>Nærværstrening<br><br>Theraplay<br><br>Sanseopplevingar | Kvilestund<br><br>Nærværstrening<br><br>Theraplay<br><br>Sanseopplevingar | Kvilestund<br><br>Nærværstrening<br><br>Theraplay<br><br>Sanseopplevingar | Kvilestund<br><br>Nærværstrening<br><br>Theraplay<br><br>Sanseopplevingar |

# Samarbeid med barnas heim

*Samarbeidet mellom heim og barnehage skal bidra til at alle barn i barnehage får eit best mogleg barnehagetilbod. Barnehagen skal leggje til rette for foreldresamarbeidet og god dialog med foreldra. Foreldresamarbeidet skal skje både på individnivå, med foreldra til kvart enkelt barn, og på gruppenivå, gjennom foreldrerådet og samarbeidsutvalet. Eit godt samarbeid kan bidra til å jamne ut sosiale skilnader og bidra til ein god overgang frå barnehage til skule.*

*Samarbeid mellom heimen og barnehagen skal alltid ha barnets beste som mål. Foreldra og barnehagepersonalet har eit felles ansvar for at barnet skal trivast og utvikle seg.*

## Målsetjing:

**I sentrum for alt samarbeid** i barnehagen står barnet. Difor er målet for samarbeidet:

- At foreldra skal få innsyn i, og forståing for korleis barnet har det i barnehagen
- At foreldra skal få kome med framlegg og meiningar om innhaldet i barnehagen
- At me i fellesskap arbeider oss fram til ei samarbeidsform som byggjer på tillit og tryggleik ➢ At foreldra kjem med synspunkt og forslag på innhaldet i barnehagen.

## Uformell kontakt:

Me vil arrangere samvær i barnehagen i ulike samanhengar. Då møtes foreldre og personalet til påskefrukost, sommarfest og liknande.

## Foreldresamtalar:

Alle foreldre får tilbod om to foreldresamtalar i året. Om det er behov kan det avtalast fleire.

## Foreldremøte:

Me har eit foreldremøte kvart halvår. Her gjev me informasjon om kva som har vore og kva som skal skje, og planar me har. Me har også tema på foreldremøte i samråd med foreldrekontaktane.

## Føresette/foreldre ynskjer:

- Blide og imøtekomande vaksne
- Klare beskjedar på kva som har skjedd og kva som skal skje ➢ Eit stabilt personale

# Leiinga i barnehagen

Barnehagen skal ha mestringsorienterte leiarar.

Desse fem punkta skal leiarane i Rauland barnehage ha ekstra fokus på:

1. Er til å stole på, skape tillit
2. Kommuniserer godt, er open og trygg
3. Delegere oppgåver, gje ansvar og myndigheit
4. Gå framom, vise veg. Vera eit godt forbilde, positiv
5. Sjå dei sterke sidene og utvikle dette i laget

Det er leiarevaluering annakvart år i Rauland barnehage, der dei tilsette evaluerer sin næraste leiar.